



To av husværa på butikken er no til sals (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nilsen Handel la før helga ut for sal 2 av leilegheitane over SPAR-butikken. Dei er på 50 og 80 kvadratmeter og prisen er 1 425 000 og 1 890 000.

På grunn av telefonproblem har det ikkje lukkast uskedalen.no å få nokon nærmare grunning for salet av husværa som har vore utleigd sidan dei vart fullført for 3 år sidan

I den store leilegheiten er det 2 soverom og i den mindre eitt.

I annonsen heiter det at husværa framstår som nye med ljose fargeval og gode kvalitetar. Den største har ein stor hems med gode loftsvidaue.

Den stutte vegen til skule og barnehage blir påpeika, likeeins den enkle tilkomsten med parkeringsplass utanfor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen